

Saknummer: 04/01592
Løpenummer: 006564/04
Arkivkode: A10
Saksbehandlar: Kari Brekken

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0022/04	Hovudutval for oppvekst	07.12.2004

NY BARNEHAGELOV - HØYRING

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Barne- og Familiedept.

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringsbrev frå BFD
- Samandrag av innhaldet i høyringsnotatet
- Framlegg til lovutkast.
- Kommenterarar frå førskulelærarane i Gulen

Ikkje utsende vedlegg:

- Høyringsnotat om ny barnehagelov

Saksutgreiing:

Barne- og familiedepartementet har sendt utkast til ny barnehagelov på høyring, med høyringsfrist 10. januar 2005.

Hovudgrunngevinga for lovendringa er behov for forenkling og modernisering av gjeldande lov og forskrifter. I tråd med andre lovendringar som vedkjem kommunale oppgåver, er intensjonen å fjerne pålagde og/eller normgjevande retningslinjer. Staten ynskjer å styre gjennom å setje mål for verksemda, og kontrollere at desse vert nådd. Korleis ein når målet skal vere opp til kommunen å avgjere.

Oppsummering av endringsframlegga:

1. Barnehagen sitt føremål og innhald.

Formålspunktet er uendra. Punkt om innhald er utvida. Det er framleis understreka at barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd.

Noverande lov har også eit punkt om fysisk utforming av lokale. Dette er ikkje vidareført.

2. Barna og foreldra si medverknad.

Punkt om barn si medverknad er nytt, elles ingen vesentlege endringar.

3. 4. Ansvar og mynde.

Ingen vesentlege endringar. Godkjenning er framleis foreslått berre å vere avhengig av føremål og kor eigna den er, ikkje av behovet for nye plassar. Alle godkjende barnehagar skal handsamast likt når det gjeld offentlege tilskot.

5. Personalet.

Lovutkastet inneheld fleire alternativ. Krav om utdanning som førskulelærer for styrar og pedagogisk leiar er med i eitt alternativ, men er fjerna frå andre. Eitt alternativ inneheld norm for pedagogisk bemanning, dvs. kor mange barn barnehagen kan ha pr. førskulelærer.

6. Ulike bestemmelsar.

Ingen vesentlege endringar.

Vurdering.

Barnehagen er også i dag lite regulert av reglar i lov og forskrifter. Utanom kravet om utdanning som førskulelærer for styrar og pedagogisk leiar, gjeld dei fleste reglane forvaltningsmessige tilhøve og arbeidsoppgåver. Desse er vidareførte i det nye framlegget. Innhaldet i barnehagen er regulert av ein rammeplan, som opnar for stor grad av lokal tilpassing.

I Kvalitetsutvalet si utgreiing, som dannar grunnlaget for endringar i skulen, var barnehagen tillagt stor betydning som det første steget i eit samla utdanningsløp. Dersom dette skal følgjast opp, må personale i barnehagar ha pedagogisk utdanning.

I utgreiinga begrunnar departementet framlegget om å fjerne lovfesta krav om utdanning med at kommunen sjølv kan bestemme kva kvalitet vi ynskjer i barnehagane våre.

Men i den kommunale kvardagen, der vi leitar med lys og lykte etter innsparingsforslag, vil vi då få eit press på oss til å fjerne pedagogane. Ikkje fordi vi ynskjer redusert kvalitet, men fordi dette vil gi billigare drift. God kvalitet i barnehagane er framleis ei sak som dessverre ikkje har sterkt nok fotfeste til å vinne i kampen om kommunale kroner.

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune ser at gode barnehagar har stor betydning som eit første trinn av utdanning for barna. Vi ynskjer at kvaliteten skal sikrast ved at det framleis er eit lovfesta krav om at det skal vere personale med utdanning som førskulelærer.

§ 18 Leing. Vi tilrår val av alternativ B

§ 19. Barnehagens øvrige personale. Vi tilrår alternativ A

Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 07.12.2004:

Nytt sakstfang, framlagt på møtet:

- Skriv frå foreldrerepresentantar v/Eivindvik barnehage

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.